


 Statens vegvesen Møre og Romsdal Laboratorieseksjonen		HOVUDARKIV: 46.001.03 OPPDAG: Nr 95.014 LAB.ARKIV: RV 001 HP 03 KOMMUNE: KARTREFERANSE:							
TITTEL: PLASSERING AV BRUFUNDAMENT SOLEVÅGSEID									
SAKSBEHANDLAR: Overingeniør Kåre Ingolf Karlson						RAPPORT NR. 1			
KONTAKT: Avdelingsingeniør Bjørn Hofslie									
DATO:	1995-02-02	SENDT TIL	Vsj.	Ass. vsj.	KL	ED	BJH	LUN	Lab.
VÅR REF.:	KIK/MES	EKSEMPLAR	1		1	1	1	1	3
Underskrift:									

I samband med bygginga av ny veg på Solevågseid skal det byggjast bru for å leie trafikken i 2 plan. Ei sleppe i fjellet gjorde at meir fjell enn planlagt lausna under sprenginga. Laboratoriet har vurdert kor langt ut mot kanten av skjeringa brufundamentet på sørsida kan plasserast. I vedlegg 1 er det vist bilete av den utsprengte skjeringa der brufundamentet skal stå oppe på kanten. Vedlegg 2 viser planen for brua.

Fjellet er gjennomsett av sprekker og stikk, men dei har ikkje ei slik retning at dei lagar glideplan i fjellet under fundamentet. Det synest heller ikkje å vere fare for at fjellet skal kunne velte ut. Fjellmassen er relativt svak på grunn av mange sprekker og stikk. Men han vil likevel kunne bere stor last når ikkje lasta blir plassert heilt ute på kanten. I senterlina ligg kanten av skjeringa mellom profil 58 og 59. Retninga på sleppa gjer at det blir kortaste avstand mellom fundamentet og sleppa i austenden. Men på denne sida står ein del av fjellet framom sleppa igjen som ei motfylling.

Ut frå desse forholda, blir det vurdert som forsvarleg å plassere framkant fundamentet på profil 60 slik at heile fundamentet blir liggjande frå profil 60 og sørover i stigande profilretning. Ifølgje oppsynsmann R. Lunheim vil lasta da kome på profil 60,7.

VEDLEGG 1



Fundamentet kan plasserast frå profil 60 og sørover (mot høgre). Profil 60 er markert med ei trestikke oppe i snøen litt til høgre for midta på biletet. Ferdig veg kjem i høgde med raudt kryss på skjeringsveggen.

6900

Tilpassast
eksist. avkj.

MUR

R8

R8

50

275

275

50

50

50

Planerast/
asfalterast

6950

